

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	17.03.2023
Vår referanse	2022/82790-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Veseth Kinden
E-post	Kari.Veseth.Kinden@vlfk.no
Telefon	95739184

Trekking av reguleringsplan - gang- og sykkelveg fv.57 Skodvin skule- Vågseide - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til tidlegare kommunikasjon vedkommande reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv.57 mellom Skodvin skule og Vågseide.

Arbeidet med reguleringsplanen vart starta opp av Statens vegvesen i januar 2015, og planforslaget oversendt for handsaming i januar 2018, til dåverande Lindås kommune.

I samband med regionreforma i 2020, vart planen overført til Vestland fylkeskommune.

Det er andre prosjekt i Alver kommune som har høgare prioritet enn dette, og Vestland fylkeskommunen har difor beslutta å trekkja reguleringsplan for fv.57 mellom Skodvin skule og Vågseide. Planen ligg ikkje inne i noverande RTP- investeringar, og er ikkje prioritert der. Me ser at det er ei utfordring at fagrapportar utarbeida i samband med plan arbeidet er på veg til å bli utdatert, og at valde løysingar ikkje er heilt i tråd med tida og VLFK sin strategi om meir veg for pengane.

Med helsing

Øyvind Hauge Horge
leiar
INV - Planlegging

Kari Veseth Kinden
overingeniør
INV - Planlegging

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift